



Ål kommune

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato	Delegert sak
	18/02582-3	07.12.2018	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs

Delegert vedtak - reguleringsendring - justering av veg 4. Kolbotn bustadfelt del 2 - plid 2013001

Saksopplysningar/Bakgrunn:

Ål kommune ønsker å gjennomføre reguleringsendring for del av «Kolbotn bustadfelt del 2». Formålet med reguleringsendringa er å betre innkøringa til Nedre Kolbotn 3, 5, 7 og 9 ved å flytte innkøringa(veg 4) til eigedomane. Den nye innkøringa vil flyttast til tomt B17-3, før den svingar seg opp til eksisterande veg. Tomt B17-3 er eid av Ål kommune og vil bli mindre i størrelse på grunn av omlegging av veg 4. Årsaka til omlegging av vegen er fordi renovasjonsbilen har eit problem med innkøring til eigedomane, særleg om vinteren. Det har ikkje kome inn merknader til endringa i forbindelse med varsel om oppstart av planarbeid. Arealet justeringa gjeld, er sett av til bustader, kjøreveg, annen veggrunn – grøntareal og grønstruktur.

Forhold til overordna plan:

I kommunedelplan for Sundreområdet er området sett av til bustader og grønstruktur.

Miljøkonsekvensar:

Rådmannen meiner at reguleringsendringa ikkje får konsekvensar for måla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Etter § 7 i denne lova skal prinsippa i §§ 8-12 leggest til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Vurdering og vektlegging skal gå fram av vedtaket. Reguleringsendringa vil føre til nedbygging av natur, og vil såleis bli råka av prinsippa i naturmangfaldlova. Planområdet har ikkje naturtypar eller artar som er merka i naturbasen til Miljødirektoratet, heller ikkje i Artsdatabankens artskart.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova er vurdert til å vere ivaretekne.

Vurdering:

Reguleringsendringa har ingen konsekvens for allment friluftsliv, landskap, estetikk, energibruk, kulturminne, naturmangfald eller eksisterande bygningsmiljø. Det har ikkje kome merknadar frå private partar. Ål kommune meiner difor at reguleringsendringa kan gjerast delegert jf. plan- og bygningslova § 12-14 og delegasjonsreglementet til Ål kommune.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 vedtek Ål kommune med delegert mynde frå sektorutval for teknisk, næring og ressurs reguleringsendring av «Kolbotnbustadfelt del 2– planid 2013001» i samsvar med vedlagt plankart.

Vedtaket kan påklagast i samsvar med forvaltningslova § 28. Klagefristen går ut 28.12.2018.

Med helsing

Sandra Paulsen
Arealplanleggar

Godkjent og ekspedert utan underskrift

Mottakarar:

Guro Holvik Evjen
Torbjørn Skarpås
Marianne Tretterud Skarpås
Ål kommune
Anne Magnetun
Aud Sølvi Ekse Jensen
Berit-Berntine Dokk
Geir Sletto
Geir Fuglehaug
Marte Lise Nasselqvist
Vegard Holvik Evjen
Terje Alexander Eriksen
Lisbeth Eriksen
Roald Geir Kvalvågnes
Nils Sylvarnes
Anne Grue
Svanhild Ekse
Anne Helene Sørbøl Simonsen
Dani Kivikoski
Margit Bjørnsen
Anita Torsgard Ødegård
Henning Bæra

Saka gjeld følgjande eigedomar:

Gnr/Bnr/Fnr/Snr	Adresse
111 /9/ /	